Tiltak	022: 2320 Valderøy barneskule kutt i fagarbeiderstillingar				
Beskrivelse	<p>Kutt i bruken av fagarbeidarar på SFO og i skulen, tilsaman 100% stilling. Vi har mange fagarbeidarar på deltid, kutt på tilsaman 100% vil berøre både skule og SFO. Fagarbeidararar er knytt til elevar med vedtak i skulen, noko som gjer at elevar mistar tilbodet sitt (som dei har vedtak på) ved kutt. Lærarar må då ut av undervisning for å ta over tilsyn med elevar.</p> <p>SFO-kutt vil føre til for låg bemanning og reduksjon av aktivitetsnivå. Det vil også medføre auke i arbeidsbelastning, då vaksne på SFO må ha både tilsyn med born med tilsynsbehov og andre elevar.</p>				

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: VALDERØY BARNESKULE (2320)				
Sum netto	-405 206	-405 206	-405 206	-405 206	-1 620 824

Tiltak	021: 2320 Valderøy barneskule kutt i lærarstillingar				
Beskrivelse	<p>Oppseiing av to lærarar, ein på mellomtrinnet og ein på småtrinnet. Konsekvens: skulen vil ikkje klare å oppretthalde lovpålagte oppgåver, spes.ped tilbod går ut og vi bryt norma som staten har sett for opplæringa. Tilpassa opplæring går ut og fleire elevar må meldast opp til</p>				

PPT. Vi må også forvente ei oppblomstring av åtferdsvanskar. Lesekurs går ut, undervisning i grupper på 40-60 elevar.

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: VALDERØY BARNESKULE (2320)				
Sum netto	-1 350 684	-1 350 684	-1 350 684	-1 350 684	-5 402 736

Tiltak	024: 2340 Giske oppvekstsenter førskule, tiltak 4 (2,9% driftskutt)
Beskrivelse	<p>Tiltak 1:</p> <p>Giske barnehage kan frå 1.1.2020 redusere bemanninga med 0,5 årsverk assistent. Dette vil føre til ei innsparing på 247.986 kroner noko som er 1% driftskutt frå regnskapet 2018 rekna utifrå konsekvensjustert budsjett 2020. Eit slikt kutt kan gjerast utan å bryte bemanningsnorma og utan å seie opp nokon eller permittere nokon før til 31.7.2020. Konsekvensane for eit slikt kutt er at ein ikkje kan organisere personalet slik ein gjer i dag. Barnehagen har i dag ei avdeling med barn meir en ønskelig i forhold til arealet tilgjengelig. Dette for å hjelpe med å gi full barnehagedekning. Det er ikkje meir leike og opphaldsareal slik at barnehagen ikkje kan ta inn to barn til slik at ein ligg akkurat på bemanningsnorma.</p> <p>Ved å fjerne 0,5 årsverk kan ein ikkje ta vekk ein tilsett to og ein halv dag i veka. Då går ikkje dagane opp. Derfor må fleire tilsette gå i kortare vakter. Dette vil igjen medføre til at ein ikkje har tilstrekkelig personale heile dagen. Dette må løysast med å gjer dei to småbarnsavdelingane med 12 og 8 barn om til ein base med 20 småbarn, noko som vil redusere kvaliteten på barnehagetilbodet drastisk for dei yngste barna.</p> <p>Barnehagen har inneverande år allereie kutta bemanninga med 0.9 årsverk. Noko som er ein av fleire grunnar til at vikarkostnadane har økt. Ved å kutte meir i bemanninga er det sannsynlig at vikarbruken vil fortsette å auke.</p> <p>Tiltak 3:</p> <p>Om ein frå 1.8.2019 ikkje fyllar barnehagen heilt opp. Det er 15 barn som begynner på skule, og om ein berre fyller 13 av desse plassane. Med 43 store barn og 20 små barn vil det gi eit behov for 5,93 barnehagelærar, i staden for eit behov rett over 6. Då kan barnehage drive lovleg med ein barnehagelærar mindre, noko som vil gjere barnehagen meir kostnadseffektiv.</p> <p>Dette vil frå 1.august utløyse 13,83333 årsverk i lovpålagt personale 6 årsverk barnehagelærar og 7.83333 fagarbeider/assistent. Slik det er</p>

i dag er det lovpålagte personalet 7 årsverk barnehagelærer og 7,5 fagarbeidar/assistent.

Om ein reknar med assistent med lønn på 380.000 og pedagog med lønn på 450.000 vil dette frå 1.8 til 31.12 vil dette gi ei innsparing på 181.967 kroner i lønn, det vil også redusere inntektene med 30.400. Dei påfølgande åra vil det gi ei innsparing på 436.722 kroner i lønn, men redusere inntektene med 66.880. Dette er den mest kostnadseffektive måten å drive barnehagen på innanfor dei rammene barnehagen har i dag med areal utan å bryte lova.

Med dette tiltaket vil det konsekvensjusterte budsjettet for 2020 auke med 0.2% i forhold til regnskap 2018. Om ein kunne gjort endringa frå januar ville det gitt eit driftskutt på 2.5%. Og om ein held fast ved tiltaket vil det gi eit driftskutt på om lag 2.5% dei kommande åra.

Utfordringane er at barnehagen har ulik søkjarmasse frå år til år og ein kan ikkje garantere at ein får akkurat riktige søkjarar. Mange søkjarar kan ha krav på plass etter lov og vedtekter og dette kan gjer ein må endre noko. Men barnehagen kan fortsatt velje å sei at barnehagen er full før det utløyser behovet for ein barnehagelærer til. Med mindre tilsette totalt er ein også meir sårbar og meir avhengig av å løyse sjukdom og anna fråvær med vikar.

Konsekvensane av dette er at det bidreg til at kommunen totalt har 2-3 mindre barnehageplassar. Det er også sannsynlig at barnehagen må sei opp eller omplassere personale.

Ein kombinasjon av tiltak 1 og 3 vil gi eit 2,9% driftskutt utan å bryte lova. Dei påfølgande åra vil det gi omtrentleg eit driftskutt på 2,5%. Konsekvensane og utfordringane for både tiltak 1 og 3 vil då vere reelle.

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: GISKE OPPVEKSTSENTER (2340)				
Sum netto	-399 552	-369 842	-369 842	-369 842	-1 509 078

Tiltak	044: 2340 Giske oppvekstsenter skule, reduksjon i 80% ass.stilling
Beskrivelse	For å halde tildelt budsjettramme må drifta reduserast med 80% assistent. Dette gir ei innsparing på kr. 405.000 +sosiale kostnader. Dette tilbodet fell då bort:

Ressursen har blitt brukt assistent for elever med behov for tilpassinga, utan rett på spesialundervisning.
 To og to klasser er samanslått i alle fag med unntak av matematikk, norsk og engelsk. Ressursen blir brukt til å sikre tilpassa opplæring og assistent for elever med spesialundervisning.
 Dersom ressursen fell bort kan vi ikkje gi forsvarleg tilbod til elevane i fleire av gruppene.

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: GISKE OPPVEKSTSENTER (2340)				
Sum netto	-547 026	-547 026	-547 026	-547 026	-2 188 104

Tiltak	078: 2350 Godøy skule - flytting av ungdomssteg				
Beskrivelse	Flytting av ungdomssteg til Valderøy ungdomsskule forutset at elever frå Alnes blir flytta til Godøya. Alnes skule må takast ut av bruk. Driftskostnader per år for Alnes skule er 413.000. Reduksjon: Om lag 2,8 lærarstillingar innspart, ca. ei stilling i administrasjon. Ingen innsparing i høve SFO, sidan personalbehovet vil bli uendra. Om lag 90.000 i redusert skuleskyss.				

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: GODØY SKULE (2350)				
Sum netto	-1 669 712	-3 695 574	-3 695 574	-3 695 574	-12 756 434
Sted	Ansvar: EIGEDOMSAVDELING (5100)				
Sum netto	-179 639	-417 135	-417 135	-417 135	-1 431 044
SUM NETTO TILTAK	-1 849 351	-4 112 709	-4 112 709	-4 112 709	-14 187 478

Tiltak	040: 2350 Godøy skule Ein pedagog 1.klasse 2019/20, 22 elevar				
Beskrivelse	Lønsutgiftene blir redusert med kr 299 000. Pålegg om tilpassa opplæring og tidleg innsats blir vanskeleg å gjennomføre.				

	2020	2021	2022	2023	Totalt
--	------	------	------	------	--------

Sted	Ansvar: GODØY SKULE (2350)				
Sum netto	-403 854	-403 854	-403 854	-403 854	-1 615 416

Tiltak	016: 2370 Valderøy ungdomsskule-Kutte innkjøp av lærebøker				
Beskrivelse	Fagfornyninga skal innførast hausten 2020. Vi har ikkje kjøpt inn nye læreverk på mange år, så fleire av dei verka vi brukar, er allereie forelda. Kun matematikkverket er bytta ut, då dette er digitalt. Behovet for nye læreverk etter fagfornyninga sine krav, er formidabelt. Vi har likevel lagt inn at to læreverk per elev vil vere eit minimum å kjøpe inn kvart år. Det vil då likevel ta mange år før ein har dekt opp alle faga. Her må tiltaket bli ikkje å kjøpe inn noko læreverk. Konsekvensen av dette bir at alle elevane sit med utdaterte og utslitte læreverk i alle fag. (bortsett frå i matematikk)				

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: VALDERØY UNGDOMSSKULE (2370)				
Sum netto	-580 000	-580 000	-580 000	-580 000	-2 320 000

Tiltak	086: 3250 BFH Mission possible, ta vekk				
Beskrivelse	Vi må melde oss ut av nettverket Mission Possible, kostnad kr 4 pr innbyggjar. Kostnad kr 33.000				

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: BARNE- FAMILIE- OG HELSE (3250)				
Sum netto	-33 000	-33 000	-33 000	-33 000	-132 000

Tiltak	085: 3250 BFH , 2440 barnevern, halde 1 årsverk vakant				
Beskrivelse	Held 1 årsverk vakant i 2020. Dette vil føre til auka saksbehandlingstid og at vi bryt lova om å undersøke varsel innan frist. Ved redusert årsverk i tenesta vil vi ha mindre moglegheit for tiltak. Større belastning på dei andre tilsette i tenesta.				

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: BARNE- FAMILIE- OG HELSE (3250)				

Sum netto	-675 344	-675 344	-675 344	-675 344	-2 701 376
------------------	-----------------	-----------------	-----------------	-----------------	-------------------

Tiltak	090: 3250 BFH helsestasjon, halde stilling vakant				
Beskrivelse	Halde stilling vakant ved oppsigelsar og lignende. Om lag 0,5 årsverk.				

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: BARNE- FAMILIE- OG HELSE (3250)				
Sum netto	-357 932	0	0	0	-357 932

Tiltak	071: 3250 BFH Kutt 100% stilling konsulent				
Beskrivelse	Kutt av 100% stilling i PPT. Har lagt inn kjøp av tenester kr 50 000. Nytte desse best mogleg t.d til kursing av tilsette.				

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: BARNE- FAMILIE- OG HELSE (3250)				
Sum netto	-1 081 495	-1 081 495	-1 081 495	-1 081 495	-4 325 980

Tiltak	002: 3900 Meistring og psykisk helse - ingen videreføring prosjekt og innsparing vakant stilling. Alt ved Psykisk helse og rustenesta				
Beskrivelse	Ingen vidareføring av prosjektstilling til styrking av tilbud til menneske med langvarige og samansett tenestebehov (ROP) kr 726 821. Ingen vidareføring av prosjektet Rask psykisk helsehjelp; Lønnskostnadar på kr 1 297 319 og forventa tilskot på kr 1 000 000. Netto innsparing kr 297 319. Innsparing vakant sjukepleiarstilling i Psykisk helse og rustenesta på kr 519 188. Konsekvensane vert at brukarane må fordelast på arbeidslistene til dei tilsette som er igjen i teamet. Ein vil då ikkje komme i gang med tiltak like raskt som no, og vi vil venteleg få lange ventelister igjen.				

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: MEISTRING OG PSYKISK HELSE (3900)				
Sum netto	-1 543 328	-1 543 328	-1 543 328	-1 543 328	-6 173 312

Tiltak	093: 3900 MPH Reduksjon 0,2 årsverk Kingelveven
Beskrivelse	Kingelveven auka tal årsverk med 0,2 i 2019. Denne må takast ned med 0,2 årsverk i 2020. Halvårseffekt i 2020, heilårseffekt frå 2021.

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: MEISTRING OG PSYKISK HELSE (3900)				
Sum netto	-48 625	-97 248	-97 248	-97 248	-340 369

Tiltak	034: 4300 Miljø og kultur: fjerne kulturmidlar til vaksne lag og organisasjonar
Beskrivelse	<p>Desse midlane er meir ei symbolsk enn finansiell støtte frå kommunen til lag og organisasjonar som gjer ein viktig jobb i lokalsamfunna. Samstundes gir det å fjerne kulturmidlane dårlege signal i høve stimulering av frivillige i eit samfunn som blir meir og meir fragmentert og individualisert. Men ikkje alle kommunar fordeler kommunale midlar til kulturlivet. Skodje kommune fjerna desse midlane heilt då dei bygde kultur- og idrettshuset Gomerhuset, men krev heller ikkje inn husleige i det heile tatt. Kulturlivet der har støtta opp om den løysinga.</p> <p>Kulturlova §§ 4 og 5 seier at kommunane skal sørge for at kulturlivet har føreseielege utviklingskår og at kommunen sine oppgåver er å (sitat) syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd (sitat slutt). Det kan drøftast kor vidt dette betyr at kommunen har lovmessig plikt å dele ut kulturmidlar.</p>

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: MILJØ OG KULTUR (4300)				
Sum netto	-135 000	-135 000	-135 000	-135 000	-540 000

Tiltak	088: 4300 Miljø og kultur: mindre innkjøp av utstyr
Beskrivelse	Med 13 ulike tenesteområde innanfor eininga, er det naturleg behov for å ha ein del ulikt utstyr til bl.a. friluftsliv, frivilligsentralen, kulturminnevern og kulturskule. Men med krav om å kome med framlegg på driftstiltak med 2 % innsparing, meiner vi at dette er eit av tiltaka som kan gjennomførast. Samtidig kan ein huske at eininga no er nede på eit kritisk nivå der vi har kutta omtrent alt som er muleg å kutte utan at det går utover konkrete tiltak.

	2020	2021	2022	2023	Totalt
--	------	------	------	------	--------

Sted	Ansvar: MILJØ OG KULTUR (4300)				
Sum netto	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000	-60 000

Tiltak	089: 4300 Miljø og kultur: 2310 Ikkje gjennomføre UKM-workshop i januar				
Beskrivelse	<p>UKM-workshop i januar blir ikkje gjennomført.</p> <p>Vi har her brukt inviterte dei som allereie er påmeldt til UKM å kunne møte profesjonelle kulturaktører for å kunne vidareutvikle innslaget på ulike måtar som sceneopptreden, kroppshaldning, sangteknikk, pusteteknikk, danseteknikk, kontakt med publikum, ta imot applaus / bukke m.m.</p>				

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: MILJØ OG KULTUR (4300)				
Sum netto	-17 543	-17 543	-17 543	-17 543	-70 172

Tiltak	062: 4300 Miljø og kultur: 2423 Avvikle satsinga på MOT - førebyggjande tiltak i grunnskulen				
Beskrivelse	<p>MOT er eit tiltak som går direkte inn i Opplæringslova §1 Formål, verkeområde og tilpassa opplæring m.m. OG §9 Leiing, funksjonar, utstyr og læremiddel i skolen. Dette er lovpålagte oppgåver.</p> <p>I §1 står:</p> <p>- (sitat) * Elevene og læringene skal utvikle kunnskap, ferdighet og holdninger for å kunne mestre livene sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. * (sitat slutt)</p> <p>Opplæringslova er sjølv grunnlaget for å sjå MOT som eit verktøy i skulen og i kommunen. I overordna del av læreplanen, trådte i kraft frå hausten 2018, står det tydeleg at ein ikkje kan skille fagleg og sosial læring. Livsmeistring er like viktig som fag. MOT er eit tiltak som direkte er med på å jobbe inn mot den sosiale læringa for å skape ein trygg klassekultur. Det å respektere kvarandre og ha god bakgrunnsforståing dannar grunnlaget for empati, respekt og vennskap. Skolelederforbundet seier at MOT er eit verktøy for implementering av overordna del av lærerplanen.</p> <p>MOT sine program virkar, det er vitenskapleg dokumentert gjennom forskning. MOT er forankra i fleire nasjonale utgreingar og satsingar. Utdanningsdirektoratet meiner at MOT er med på å hindre fråfall i vidaregåande. MOT knyter seg også til FNs berekraftsmål 4 om God utdanning.</p>				

MOT er godt innarbeidd, går tilbake til 2004. Å leggje ned vil øydelegge dette. Å ta ei pause vil også bety at vi må starte på nytt igjen. Å ta i bruk nye tiltak vil også vere å måtte starte på nytt.

MOT er godt kjent av elevar, foreldre / føresette, skulen, nærmiljøet og lokale bedrifter. MOT er felles for alle skulane i Giske. MOT jobbar direkte inn mot alle elevane.

MOT passar også godt inn i:

- Regjeringa sin strategiplan for god psykisk helse Mestre hele livet
- Stortingsmelding 28 - om fagfornyninga i skulen
- Program for folkehelsearbeid i kommunane og Stortingsmelding 19 - Folkehelsemeldinga.

Vitskapeleg dokumentasjon / forskingsresultat viser at MOT:

- utviklar ansvars- og verdibevisst ungdommar som motvirkar hyppig mobbing.
- utviklar inkluderande skulemiljø med færre ungdommar utan ein nær venn.
- motivirkar psykiske vanskar ved å utvikle ungdom sin sjølvrespekt og oppleving av meistring.

Gjennom årleg undersøking om korleis MOT fungerer her hos oss, har lokale ungdommar bl.a. sagt (sitat):

- * Det eg har gleda meg mest til med MOT sine besøk på skulen, er den spesielle følelsen av at alle blir så positive til kvarandre. Det gjer noko med klassemiljøet. MOT sine besøk lærer meg å våge å være meg sjølv og å ta egne val. Samstundes som eg har blitt eit betre menneske. Eg vil bruke desse eigenskapane til å gjere mitt og andre sine liv betre. Det skal vere hyggeleg å vere saman med meg.
- Kvar gong vi skal ha MOT, gleder eg meg til ALT vi skal gjere. MOT har mange kule øvelsar. Vi er alle verdt noko. MOT har fått meg til å opne augene og sjå meg rundt + det å leve livet som ein sjølv vill!
- MOT utfordre meg og får meg til å gjere ting eg vanligvis ikkje hadde turt. Får meg til å tøye grensene, drite meg litt ut og foran andre for så å le av det. Eg bryr meg meir om andre no.
- Eg kjenner at MOT har vert ein inspirerande opplevelse. Skulle ønske vi kunne ha fortsatt med det på vidaregåande for vi har hatt det veldig kjekt i lag. Takk for alt! * (sitat slutt).

Sentrale element i føringane nemnd over er auka kunnskap om førebygging av mobbing gjennom utvikling av trygge og inkluderande miljø for alle barn og unge. Dette handler om faktorar som blant annet vennskap, gode relasjonar mellom barn, mellom barn og voksne og god leiing - dette jobbar MOT direkte med, som eit systemverktøy for kommuneleiing og eit godt styringsverktøy for rektor og lærarar.

MOT sine program er støtta av Helsedirektoratet, BUFDIR, Utdanningsdir., Kompetansesenter for kriminalitetsforebygging. MOT samarbeider med store nasjonale bedrifter som Gjensidigestiftelsen, Reitangruppen, Sparebanken 1 SMN, og OBOS. Alle desse er med og sponsar programmet slik at det blir rimelegare enn om vi skulle handtere dette åleine.

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: MILJØ OG KULTUR (4300)				
Sum netto	-158 675	-317 524	-317 524	-317 524	-1 111 247

Tiltak	087: 4300 Miljø og kultur: 3750 Museer				
Beskrivelse	Samarbeidsavtale med Stiftinga Musea på Sunnmøre er oppsagd med verknad frå 01.01.2020. Denne avtalen blir sett på vent i 2020.				
	Vi er inviterte til eit møte i november for å ta til på ei drøfting av innhaldet i ny avtale. Det er litt tidleg å vere konkret no, men den blir truleg inngått / tatt opp til drøfting i løpet av 2020.				

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: MILJØ OG KULTUR (4300)				
Sum netto	-274 000	0	0	0	-274 000

Tiltak	061: 4300 Miljø og kultur: 3810 Oppseiing av avtale med IL Valder om leige av Valdervoll idrettsanlegg.				
Beskrivelse	14.10.2008 vedtok Giske formannskap (sak 142/08) at kommunen skulle inngå avtale med IL Valder som gjeld leige av Valdervoll idrettsanlegg, kunstgrasbane og friidrettsanlegg. Intensjonen med avtalen var å (sitat) * sikre at innbyggjarane i Giske kommune får fritt tilgang til idrettsanlegget på Valderøya. Dette gjeld spesielt skulane og barnehagane i Giske og medlemmar av IL Valder. Det er også ein intensjon at området skal fungere som innfallsporten til friområdet på Valderøya med Skjonghellaren og Hustruhamna som næraste naboar. * (sitat slutt).				
	Bakgrunnen for saka var at IL Valder bygde nye anleggseiingar utan kommunalt tilskot OG at ein på denne måten fann ei organisasjonsform som sikra at IL Valder fekk tilbakebetalt mva ved bygging av anlegget. Det er viktig å huske på at dette skjedde i ei				

brytningstid der i utgangspunktet berre kommunane fekk refundert mva ved bygging av idrettsanlegg. Men IL Valder fekk tips frå anna idrettslag som hadde funne ein modell som Fylkesskattekontoret i Møre og Romsdal hadde godkjent, og denne avtalen sikra at IL Valder fekk mvakompensasjon. Først ein del år seinare vart ei slik ordning etablert for idrettslag og andre som får spelemidlar.

(Sitat) * Avtalen gjeld frå 1. september 2008 og i minimum 12 år. Oppseiingstid etter den tid er gjensidig 12 månadar. Dersom avtalen ikkje vert sagt opp gjeld den for eitt år om gongen. * (sitat slutt) Pga av den økonomiske situasjonen Giske står i med omstilling og effektivisering, meiner rådmannen at avtalen må bli sagt opp ved utløpet av leigeperioden. Vert tiltaket vald vil kommunen effektivere oppseiing den 02.09.2020 noko som gjer at avtalen opphøyrer 12 månadar etter den tid.

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: MILJØ OG KULTUR (4300)				
Sum netto	0	-17 500	-70 000	-70 000	-157 500

Tiltak	012: 4300 Miljø og kultur: 3851 ikkje gjennomføre Kulturlivets Dag 2020 og framover.				
Beskrivelse	Kulturlivets Dag er eit tiltak som vart gjennomført i 2011, 2016 og 2018. Tiltaket er prioritert i kulturplan 2016 - 2026 og ligg inne i handlingsprogrammet. Kulturlivet og kultureininga har vore samde om å forsøke å gjennomføre dette annakvart år då det har vore eit veldig kjekt og inspirerende arrangement som har samla folk i alle aldre frå alle øyane. Det har også gitt nye innbyggjarar eit høve å bli betre kjent med kulturlivet. Men det fordrar stor personalmessig innsats frå kulturkontoret og folkehelsekoordinator. Når sistnemnde stilling ikkje lenger eksisterer, tiltaket ikkje er lovpålagt, og det er stort behov for omstilling og innsparing, er det naturleg å føreslå å ikkje lenger gjennomføre dette tiltaket.				

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: MILJØ OG KULTUR (4300)				
Sum netto	-80 000	-80 000	-80 000	-80 000	-320 000

Tiltak	076: 5100 Teknisk eining : Drift av 1909-bygget				
Beskrivelse	Det vart fastsett i kommunestyrevedtak 013/18 at 1990-bygget skal nyttast til samhandling/nettverk, atelier og utstilling for kunstnarar i Giske kommune.				

Dette bygget har ikkje eige objektnr. og vi veit difor ikkje konkret kostnader som er knytt til dette bygget.

Vi har berekna kostnadane vil å være 20 % av kostnader som er ført på Gamle Valderøy barneskule, og stipulerer som følger:

Driftsutgifter 2020 : Kr. 250.000

Husleigeinntekter : Kr. 110.000

Kostnader 2020 : Kr. 140.000

Giske kommune får då ei årleg utgift på ca. kr. 140.000 med å drifte 1990-bygget.

Dette er kostnader som må dekkast inn med auke i husleige, og vi legg inn ei husleigeinntekt som tilsvarer sjølvkost.

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: EIGEDOMSAVDELING (5100)				
Sum netto	-140 000	-140 000	-140 000	-140 000	-560 000

Tiltak	039: 5100 Teknisk eining : Forventa inntekt hall leige				
Beskrivelse	Pr. dato er det gratis hall leige for ungdom under 18 år. Det er utrekna at dette kan utgjere ei manglande inntekt på kr. 100.000 pr. år.				

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: EIGEDOMSAVDELING (5100)				
Sum netto	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000	-400 000

Tiltak	031: 5100 Teknisk eining: Omdisponering av lokaler				
Beskrivelse	<p>Ein kan sjå på om det er mogleg å omdisponerer dei lokaler som Giske kommune nyttar sjøve.</p> <p>Forslag kan være å tømme gamle Valdeøy barneskule for å redusere driftsutgifter der. Ein må då utnytte evt. ledige lokaler på Sætra og på Pyramiden.</p> <p>Eit foreløp overslag syner årlege driftsutgifter på Valderøy gamle barneskule på kr. 270.000. Då er ikkje kostnader til 1909 bygget og</p>				

avskrivningar medrekna.

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: EIGEDOMSAVDELING (5100)				
Sum netto	-270 000	-270 000	-270 000	-270 000	-1 080 000

Tiltak	028: 5100 Teknisk eining: Redusere bruk av ferievikarer				
Beskrivelse	Teknisk eining kan redusere bruken av ferievikarer. Dette vil gje ulike konsekvensar i eininga som bla. mindre klipping av grøntområder, samt manglande vedlikehald på bygg og veganlegg.				
	Kutt er gjort på følgjande ansvarsområde:				
	Eigedomsavdelinga - vaktmeistrar Kr. 200.000				
		reinholdara Kr. 40.000			
	Veganlegg - vaktmeistrar Kr. 100.000				

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: EIGEDOMSAVDELING (5100)				
Sum netto	-299 866	-299 866	-299 866	-299 866	-1 199 464
Sted	Ansvar: VEGANLEGG (6100)				
Sum netto	-116 952	-116 952	-116 952	-116 952	-467 808
SUM NETTO TILTAK	-416 818	-416 818	-416 818	-416 818	-1 667 272

Tiltak	033: 5510 Teknisk eining: Redusere digitalisering				
Beskrivelse	Teknisk eining utfører digitaliseringsarbeid som ikkje er lovpålagt. Dette er berekna til 20 % av ei heil stilling.				

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: PLAN (5510)				

Sum netto	-162 081	-162 081	-162 081	-162 081	-648 324
------------------	-----------------	-----------------	-----------------	-----------------	-----------------

Tiltak	067: 9550 Disposisjonsfond - endring i avsetning				
Beskrivelse	Avsetning til disposisjonsfond ligg i konsekvensjustert slik det er satt opp i øk. plan 2019 - 2022. Ei avsetning på 1,75% av frie disponible inntekter (per 8.10 kr 614 214 301) utgjør kr 10 748 000 kr. Ein vil ikkje klare å nå målet om 1,75% i planerioden.				

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: DISPOSISJONSFOND (DRIFT) (9550)				
Sum netto	-3 884 743	10 260 982	13 953 750	18 489 746	38 819 735